



Tormod Myklebust frå Uskedalen og Karl N. Persson frå Stavanger klare for turen til Ukraina.

"Humanitarian aid" stod det på semitrailaren som uskedelingen Tormod Myklebust tidlegare denne månaden køyrde til Ukraina saman med Karl N. Persson frå Stavanger. Likevel tok grensepasseringa frå Polen seks timar. Men utan dette "visittkortet" hadde passeringa kanskje teke fleire dagar, for det stod 1.000 trailarar og venta på grensen trur Tormod.



Morgonstund på torget i Korosten. (Foto: Tormod Myklebust)

Gardbrukaren er heime att full av sterke inntrykk – både negative og positive – etter det første og heller spesielle besøket sitt i Aust-Europa. Han har heller aldri vore sjåfør for hjelpesendingar og vart det ved ein tilfeldigheit. Det siste året har han køyrt fisk for Hjørnevåg til Bergen og Haugesund og fekk kontakt med ein haugesundar som hadde køyrt til Ukraina for den kristne stiftinga THK på Karmøy (bokstavane står for tro, håp og kjærlighet).



Tannklinikken med utrangert utstyr frå Noreg er den finaste i Korosten. (Foto: Tormod Myklebust)

Tormod tok kontakt og det vara ikkje lenge før han var undervegs mot aust med ei last på 15 tonn. Det meste av lasta var klede, men i semintrailaren fann ein også mellom anna rullestolar, rullatorar, komfyrrar og elektriske varmeomnar,

Turen vara frå 11. til 19. september og gjekk nedover etter ruta Sandefjord-Strømstad-Karlskrona-Gdynia-Radom-Korosten. Målet Korosten er ein by med 70.000 innbyggjarar som er det viktigaste jernbaneknutepunktet i landet og som ligg berre seks mil frå Tsjernobyl og 15 mil frå hovudstaden Kiev.

Mottakar av sendinga frå Noreg var ein pinsemenighet som driv ein bibelskule og som formidlar det som kjem frå vest også til andre menigheter. Det er ein svært allsidig bibelskule, for den har mellom anna starta den finaste tannlegeklinikken i byen med seks plassar og utrangert utstyr frå Noreg. Frå vårt land kjem også utstyret til ein bilverkstad som ligg like inntil.

- Vi var også innom ein barneheim som bibelskulen har støtta og som var ei sterk oppleving. Dei 19 barna som var fem-seks år sat tause og som lys på stolane sine då vi kom. Men dei las dikt til oss og vi fekk god kontakt, fortel Tormod.

I Korosten var det samtidig to menn frå Statoil som var i byen for å lære ukrainarane å køyra ein brannbil gjeve som gåve frå Kårstø.

Når det ellers gjeld inntrykk frå landet som er like stort som Frankrike nemner Tormod først kor vennlege alle var. Men den såkalla infrastrukturen ligg langt etter Vest-Europa. Vegane er rette og breie, men likevel ei bokstaveleg tala rystande oppleving. Og ein må ta seg i vare for ikkje å køyra på høns, kyr, geiter og hestekjerrar eller hamna i kummar fordi lokka er stole og selde. Dei tidlegare Kollektivbruka som ligg som spøkelses-landsbyar langs vegane er vanlege her som ellers i Aust-Europa. Det var berre gamle traktorar å sjå og på dei sat det berre gamle mannfolk. Det er eit problem også for Ukraina at så at så mange reiser mot vest.

- Kva med nærleiken til Tsjernobyl?

- Det vart ikkje så mye tid til å snakke om det grufulle som skjedde for 22 år sidan, men Korosten-området vart hardt ramma sjølv om det gjekk over ei veke før innbyggjarane fekk veta noko som helst. Først i år har folk våga å eta blåbær i området og dei burde kanskje ikkje gjort det no heller.

- Tek du gjerne ein ny tur til Ukraina?

- No er eg inne på sjåførlista til THK og får sikkert ein ny tur når eg vil. Eg likar å køyra bil og sjå meg om og denne reisa vil eg kalla eit privilegium som eg gjerne gjentek.

Og det er jo kjekt når ein i tillegg veit at ein slik tur har ein positiv effekt. At det er eit stort behov for å halda fram med hjelpesendingane også til Ukraina er det ingen tvil om.

Det er også viktig å hjelpe ukrainarane til å utnytte dei enorme jord-ressursane i landet.

Av Ola Matti Mathisen



På barneheimen møtte nordmennene mange kjekke barn. (Foto: Tormod Myklebust)